



Universitetet  
i Stavanger

**FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP OG HUMANIORA**

## **BACHELOROPPGÅVE**

Studieprogram: Lektorutdanning for trinn 8-13

Kandidatnummer: 9524

Rettleiar: Marie-Theres Fojuth

Tittel på bacheloroppgåva: Mediedekning og framstilling av kvinne- og herrefotball i Jærbladet i eit historisk perspektiv

Talet på ord: 7852

Talet på vedlegg/anna: 0

Stavanger, 16.05/2022

dato/år

## **Innhald**

<b>BACHELOROPPGÅVE</b>	<b>1</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 Tema og problemstilling .....	3
1.2 Historisk blikk på norsk kvinnefotball .....	4
1.3 Tidlegare forskning.....	6
1.4 Teoretisk rammeverk.....	7
1.5 Metode, kjelde og forskarrolle.....	9
<b>2 Mediedekning og framstilling av fotball i Jærbladet i 1987</b>	<b>12</b>
2.1 Sportsjournalistikk i 1987.....	12
2.2 Klepp og Bryne i 1987 .....	13
2.3 Kvantitative funn.....	13
2.4 Språk.....	16
2.5 Flate beskrivingar vs. dramaturgi .....	20
<b>3 Mediedekning og framstilling av fotball i Jærbladet i 2019</b>	<b>21</b>
3.1 Sportsjournalistikk i 2019.....	21
3.2 Klepp og Bryne i 2019 .....	21
3.3 Kvantitative funn.....	21
3.4 Språk.....	25
3.5 Jærbladet samanlikna med studiet til Leonsen og Skarpenes.....	28
<b>4 Utviklingstrekk og oppsummering</b>	<b>29</b>
<b>5 Referansar</b>	<b>30</b>
5.1 Primærkjelder .....	30
5.2 Sekundærkjelder.....	33

# 1 Innleiing

## 1.1 Tema og problemstilling

Dekning og framstillingane av idrett i media har vore, og er, ein særskilt kjønna arena, der det er store skilnader mellom korleis kvinnelege og mannlege utøvarar blir skildra, korleis innhaldet blir presentert og i kva omfang ulike hendingar blir dekkja.<sup>1</sup>

Fotball-VM for kvinner i 2019 blei sett av rekordmange Tv-sjåarar i fleire land.<sup>2</sup> I Noreg såg 895 000 åttandedelsfinalen mellom Noreg og Australia. Dei totale sjåartala i Noreg var høgare enn i VM 2015 og nesten dobbelt så høge som i EM i 2017.<sup>3</sup> Mediedekninga var stor og alle kampane blei vist på TV i Noreg. Talet på oppslag og saker var mange, men korleis ein snakka om kvinnefotball fekk ikkje like stort fokus. Til dømes uttala kommentator Christian Nilssen etter det eine målet til USA i bronsefinalen mellom USA og Nederland at ”Og amerikanerne nede på benken ser ut som et miniputtlag i Norway Cup som nettopp har scoret et mål. Det er idretts glede”.<sup>4</sup> Verken aviser eller andre mediekanalar fanga opp denne kommentaren, og ein kan spørje seg korleis openlys barnleggjering og trivialisering av eit av verdas beste lag, i den største nasjonale turneringa, ikkje blei lagd merke til og debattert.

Kvinnefotball er ein del av kjønns historie, ei historie om kvinnekamp, frigjering og kampen for å få ta del, og bli anerkjent, i ein idrett og ein hierarkisk medieorden av og for menn. Likestilling er eit tema som stadig er under utvikling og debatt, både innan fotballen og i verda. Dette er talen fotballpresident Lise Klaveness heldt under FIFA-kongressen i Qatar eit døme på, der ho stilte krav til likestilling og menneskerettar både innan idretten og i kvart deltakarland i VM i Qatar.<sup>5</sup> Bidraget innan kjønns historie er å stille spørsmål til det som er, og

---

<sup>1</sup> Skogvang, Bente Ovèdie. 2006. *Toppfotball- et felt i forandring*. Doktoravhandling. Oslo: Norges idrettshøgskole, 102.

<sup>2</sup> Haugstad, Tore. 2019. «*Rekordene i VM er en stor seier for kvinnefotballen*». 07.07. Funnen 10.02.2022. [https://www.nrk.no/sport/\\_rekordene-i-vm-er-en-stor-seier-for-kvinnefotballen\\_-1.14617888](https://www.nrk.no/sport/_rekordene-i-vm-er-en-stor-seier-for-kvinnefotballen_-1.14617888).

<sup>3</sup> Haugstad. «*Rekordene i VM er en stor seier for kvinnefotballen*».

<sup>4</sup> NRK. 2019. *7. juli 2019 kl. 17:00 – USA – Nederland*, 61:14-61:22. 07.07. Funnen 23.01.2022. <https://tv.nrk.no/serie/fotball-vm-kvinner/201907/MSPO48303519/avspiller>.

<sup>5</sup> Hansen, Jonathan Simchai, Jullumstrø, Fredrik Solbu, Saanum, Oddvar Sagbakken, Sander, Christian Grieg, Svedal, Maria Gunnarsdotter. 2022. *Klaveness' tale vekket oppsikt – nå slår hun tilbake mot Fifa-kritikk*. 01.04. Funnen 10.05.2022. [https://www.nrk.no/sport/klaveness\\_-tale-vekket-oppsikt\\_-na-slar-hun-tilbake-mot-fifa-kritikk-1.15915769](https://www.nrk.no/sport/klaveness_-tale-vekket-oppsikt_-na-slar-hun-tilbake-mot-fifa-kritikk-1.15915769).

har vore, sjølvsagt for mange. Ved å løfte blikket og undersøke medieframstillinga av kvinne- og herrefotball i eit historisk perspektiv, kan ein kanskje bidra til å sjå at sportsjournalistikken òg er kulturelt betinga og konstruert.

I denne oppgåva skal eg undersøke korleis Jærbladet dekte og framstilte kvinne- og herrefotball i sportsnyheitene i avisene frå august til oktober i 1987 og 2019. Eg skal sjå på likskapar og skilnader i framstillinga av idretten som blir utøva og idrettsutøvarane som driv med fotball. Eg har vald å fokusere på dei to flaggskipa på Jæren innan fotball, Klepp på kvinnesida og Bryne på herresida.

Omgrepet kvinnefotball er ikkje uproblematisk. Medan kvinnefotball eller damefotball ofte blir brukt som ei presisering av at det er kvinner som spelar, og dermed at det ikkje er ”ekte” fotball, blir omgrepet herrefotball eller ”mannefotball” sjeldan brukt for å presisere at det er menn som spelar.<sup>6</sup> Dette viser dominansen menn har innan fotball og sportsjournalistikk. I denne oppgåva der eg samanliknar kvinne- og herrefotball blir det derimot vanskeleg å halde tunga beint i munnen dersom eg ikkje bruker omgrepet kvinnefotball. Derfor har eg vald å bruke omgrepet kvinnefotball, men òg herrefotball, for å skilje dei.

## 1.2 Historisk blick på norsk kvinnefotball

Då idretten fotball oppstod mot slutten av 1800-talet var det ikkje sjølvsagt at idretten berre skulle vere for menn, men utover dei første tiåra av 1900-talet blei det klart at fotballen skulle vere ein arena prega av ”mandig kraft”.<sup>7</sup> Dersom ein går utanfor Noregs grenser ser ein likevel at det blei spelt seriøs kvinnefotball, særleg i England og Frankrike.<sup>8</sup> Kampen mellom Dick Kerr’s Ladies og St. Helen blei i 1920 sett av 53 000 tilskodarar.<sup>9</sup> Dei høge tilskodartala er trekt inn som éi av årsakene til at FA, det engelske fotballforbundet, forbaud kvinnefotball

---

<sup>6</sup> Persson, Marlene, Stefansen, Kari, Strandbu, Åse. 2020. «Fotball som kjønnet mulighetsrom.», *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 232.

<sup>7</sup> Goksøyr, Matti, Olstad Finn. 2002. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: Norges Fotballforbund, 77.

<sup>8</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 79.

<sup>9</sup> Lee, J. 2007. «Life after death.», *The International Journal of the History of Sport*, 01.11: 1491, <https://www-tandfonline-com.ezproxy.uis.no/doi/pdf/10.1080/09523360701532621?needAccess=true>.

året etter.<sup>10</sup> I Noreg ønskte ein kvinner velkomne på norske fotballbanar, ikkje som spelarar, men som tilskodarar og som hjelp til oppgåver rundt laga som til dømes å vaske trøyene.<sup>11</sup> Det blei uttala at ”når kvinnen slår sig på fotballen bør man reagere. Fotballsporten er og blir en *mandig* sport, den dag den ikke er det har det tapt sin gloria”.<sup>12</sup> Jenter og kvinner fekk spele fotball så lenge det blei sett på som eit useriøst show og underholdning.<sup>13</sup> I 1928 spelte fire Oslolag mot kvarandre med kronprins Olav som prisutdelar og fire tusen tilskodarar.<sup>14</sup> Trass i at kampane blei latterleggjorde, var kampane eit teikn på at kvinneidealet gjekk i retning av ein meir sporty og frigjort kvinnetype.<sup>15</sup> På 1920- og 1930-talet var det teikn på organisert kvinnefotball og ei rekkje ”showkampar”, kampar der kvinnelag møtte lag beståande av utrente menn, men blei etter kvart stoppa av Noregs Fotballforbund (NFF) med grunngevinga at damer ikkje fekk spele fotball sidan det var ”uanstendig” og det kunne føre til skadar som gjorde at kvinner ikkje kunne føde barn.<sup>16</sup>

I 1970 møttest Amazonene og BUL til det som Dagbladet omtalte som den første kvinnelege fotballkampen i Noreg.<sup>17</sup> På 1970-talet begynte kvinner å utfordre haldningane om at fotball berre var for menn.<sup>18</sup> Dagbladet engasjerte seg tidleg i kvinnefotball og verka som ein pådrivar for sporten.<sup>19</sup> Kvinnefotballen var først og fremst ein kamp for å ta del i entusiasmen for fotball, men blei samstundes sett på som ein spydspiss for kvinnefrigjering.<sup>20</sup> Først i 1976 snudde NFF og tillét organisert kvinnefotball som ein del av NFF.<sup>21</sup> Dei neste 30 åra fram mot tusenårsskiftet førte blant anna med seg at tusenvis av jenter og kvinner begynte å spele fotball, opprettinga av ein organisert landsserie frå 1987 og framvekst av eit suksessrikt

---

<sup>10</sup> Lee. «Life after death.», 1491.

<sup>11</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 77, 79.

<sup>12</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 79.

<sup>13</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 79.

<sup>14</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 79.

<sup>15</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 80.

<sup>16</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 82.

<sup>17</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 82.

<sup>18</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 82.

<sup>19</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 86.

<sup>20</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 85.

<sup>21</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 89.

landslag, som tok både EM-gull i 1993, VM-gull i 1995 og OL-gull i 2000.<sup>22</sup> Dei to tiåra etter tusenårsskiftet har vore prega av kvinnefotball i rask utvikling, der både storklubbar i Noreg og Europa satsar på kvinnelaga sine. Tilskodartala, og sjåartala, har òg skote i vêret dei siste åra, spesielt i internasjonale kampar og kampar knytt til meisterskap.<sup>23</sup>

### 1.3 Tidlegare forskning

Sosiologane Maria Øverlie Leonsen og Ove Skarpenes publiserte i 2021 ein artikkel om kjønna framstillingar i mediedekninga av fotballen på Sørlandet.<sup>24</sup> Der undersøkte dei papirutgåvene av avisene Fædrelandsvennen og Agderposten frå 2014-2017 og såg på mediedekninga av herrelaget Jerv og kvinnelaget Amazon Grimstad.<sup>25</sup> Funna dei gjorde var at dekninga var asymmetrisk, der kvinnefotballen blei trivialisert og herrefotballen opphøgd. Dette kom til syne ved at det blei skrive vesentleg meir om Jerv (89% i Fædrelandsvennen og 87% i Agderposten) enn om Amazon Grimstad (11% i Fædrelandsvennen og 13% i Agderposten), og ved at språket som blei brukt om dei to laga var ulikt.<sup>26</sup> Kvinnefotballen blei vinkla meir negativt og hadde flate beskrivingar, medan herrefotballen blei vinkla positivt og der beskrivingar av kampane var som rekonstruerte drama.<sup>27</sup> Leonsen og Skarpenes konkluderte med at mediedekninga bidrog til konservering av maskuline verdier. Dette skjedde gjennom kollektiv sakralisering av herrefotballen og trivialisering av kvinnefotballen.<sup>28</sup>

---

<sup>22</sup> Goksøyr, Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, 97.

<sup>23</sup> Haugstad. «*Rekordene i VM er en stor seier for kvinnefotballen*».

<sup>24</sup> Leonsen, Maria Øverlie, Skarpenes, Ove. 2021. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.» *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 6-20, <https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/doi/full/10.18261/issn.1891-1781-2021-01-02>.

<sup>25</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.»

<sup>26</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 12.

<sup>27</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 12, 14.

<sup>28</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 17.

Idrettssosiolog Gerd von der Lippe undersøker sportsjournalistikk i boka *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*. Der trekkjer ho blant anna fram Pierre Bourdieu som slo fast at dominans alltid har ein symbolsk funksjon.<sup>29</sup> Den symbolske makta til dominerande medium bidreg dermed til at fleirtalet av befolkninga ikkje stiller spørsmål ved legitimiteten til mediet og den medieordenen som blir oppretta.<sup>30</sup> Gerd von der Lippe argumenterer for at idrett og sportsjournalistikk til alle tider, men òg i dagens samfunn, dyrkar styrken, taktikken, akrobatikken, spensten og kroppane til menn som det første kjønn.<sup>31</sup> Menn som utøver idrett har dermed blitt ståande som symbolet på idrett, medan kvinneidrett skil seg frå norma.<sup>32</sup> Medan menn praktiserer idrett, ikkje ”mannsidrett”, praktiserer kvinner kvinneidrett.<sup>33</sup> Von der Lippe studerte òg utviklinga til sportsjournalistikken for å undersøke om det stemmer at utviklinga går i ”rett” retning. Ho meiner at denne tankegangen er basert på at utviklinga er lineær, noko ho tilbakeviser.<sup>34</sup> For medan det blir skriva meir om kvinnefotball, blir det òg skriva meir om herrefotball.<sup>35</sup> Dette gjer at fråsegna om at utviklinga går i ”rett” retning innan mediedekning langt på veg kan kallast ein myte.<sup>36</sup>

#### 1.4 Teoretisk rammeverk

I studiet til Leonsen og Skarpenes bruker dei teorien til Émile Durkheim innan religionssosiologi og omgrepet hegemonisk maskulinitet som blei lansert av Bob Connell, Tim Carrigan og John Lee i 1985.<sup>37</sup> Sidan eg gjer ei liknande undersøking, vel eg å bruke same teoretisk rammeverk, noko som vil gjere samanlikning mellom undersøkingane enklare. Mitt bidrag er å bruke dette, men samstundes løfte det inn eit historisk perspektiv der eg studerer utvikling.

---

<sup>29</sup> Lippe, Gerd von der. 2010. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*. Kristiansand: IJ-forlaget, 27.

<sup>30</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 27.

<sup>31</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 146.

<sup>32</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 195.

<sup>33</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 195.

<sup>34</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 139.

<sup>35</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 139.

<sup>36</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 139.

<sup>37</sup> Carrigan, Tim, Connell, Bob, Lee, John. 1985. «Toward a New Sociology of Masculinity .» *Theory and Society*, 01.09: 551-604, <https://link-springer-com.ezproxy.uis.no/content/pdf/10.1007/BF00160017.pdf>.

Émile Durkheim skreiv i boka *The Elementary Forms of Religious Life* om skiljet mellom det sakrale og det profane.<sup>38</sup> Durkheim meinte at alle religionar deler verdsbilete i desse to kategoriane.<sup>39</sup> Det sakrale består av delar som blir sett på som heilage og opphøgde, til dømes gjenstandar og ritual.<sup>40</sup> Det profane består derimot av det kvardagslege og verdslege.<sup>41</sup> Durkheim trekte fram at samhald og integrasjon blir skapt gjennom dyrkinga av det heilage og at det er samfunnet og dei kollektive kjenslene til menneska i samfunnet som fører til at enkelte ritual, verdiar og gjenstandar blir heilaggjorde.<sup>42</sup> I følge Durkheim deler det moderne menneske framleis verda opp i det som er sakralt, heilag og opphøgd, og det som er profant, kvardagsleg og verdsleg.<sup>43</sup> Kva som hamnar i kva for ein kategori er nedfelt i det kulturelle kollektive medvitet.<sup>44</sup> Sosiolog Aksel Tjora har peika på i boka *Hva er fellesskap* at det sakrale ikkje treng vere knytt til noko religiøst, men kan til dømes vere nasjonale hendingar, markeringar eller fotballkampar.<sup>45</sup>

Tradisjonelt har fotball vore ein ”kjønna” idrett.<sup>46</sup> Idrettssosiolog Eric Dunning argumenterer for at når samfunnet blir meir kjønnslikestilt kan fotball bli ein arena der det er legitimt å uttrykke tradisjonelle maskuline habitusar som involverer bruk og framvising av fysisk dugleik og makt.<sup>47</sup> På denne måten kan fotball bli ein arena for reproduksjon av ein hierarkisk

---

<sup>38</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>39</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>40</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>41</sup> Leonsen, Skarpenes. . «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>42</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>43</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>44</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>45</sup> Tjora, Aksel. 2018. *Hva er fellesskap*, s.63-65. Oslo: Universitetsforlaget.

<sup>46</sup> Skogvang. *Toppfotball- et felt i forandring*, 110.

<sup>47</sup> Dunning, Eric. 1999. *Sport matters: Sociological Studies of Sport, Violence and Civilisation*. London: Routledge, 229.



kjønnsorden, der den binære kulturelle strukturen kjem tydeleg til syne.<sup>48</sup> Analysar av sportsjournalistikk kan dermed bidra til å sette søkelyset på korleis kollektive kulturelle prosessar og binære tradisjonelle kjønnsforståingar har innverknad på mediedekninga av fotball.<sup>49</sup> I denne samanhengen kan det vere føremålstenleg å trekke inn omgrepet hegemonisk maskulinitet. Omgrepet blei lansert av Bob Connell, Tim Carrigan og John Lee omgrepet i artikkelen "Toward a New Sociology of Masculinity" i 1985.<sup>50</sup> Hegemonisk maskulinitet omhandlar korleis "spesielle grupper menn har posisjoner som gir makt og velferd, og hvordan de legitimerer og gjenskaper sosiale relasjonar som gir grobunn for deres makt".<sup>51</sup> Media spelar ei stor rolle i å følgje dei dominerande normene for godtatte handlingar for menn i sine respektive kulturar.<sup>52</sup> Omgrepet hegemonisk maskulinitet viser derfor til at dei maskuline verdiane er aksepterte verdiar i store delar av samfunnet og at dei formar sjølvforståinga til andre grupper.<sup>53</sup>

### 1.5 Metode, kjelde og forskarrolle

Eg skal gjere eit casestudium av sportsnyheitene i Jærbladet, lokalavisa som i hovudsak dekker Hå, Time og Klepp kommune i Rogaland. Sørlandsstudiet som blei publisert i 2021, der sportsnyheitene i avisene Fædrelandsvennen og Agderposten blei undersøkt, er ei regional undersøking. Ved å sjå på papirutgåvene frå Jærbladet ønskjer eg å teste undersøkinga Leonsen og Skarpenes gjorde på Sørlandet. I tillegg ønskjer eg å utvide studiet til å sjå på mediedekninga i eit historisk perspektiv, eit utviklingsperspektiv. Det er òg verd å nemne at funna som blei gjort regionalt på Sørlandet nødvendigvis ikkje er representative for heile Noreg. Derfor ønskjer eg å gjere ei liknande undersøking lokalt på Jæren sidan det kan vere

---

Liston, Katie. 2006. «Sport and Gender Relations.», *Sport in Society*, 01.10: 616, <https://www.tandfonline.com.ezproxy.uis.no/doi/pdf/10.1080/17430430600768868?needAccess=true>.

<sup>48</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>49</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

<sup>50</sup> Carrigan, Connell, Lee. 1985. «Toward a New Sociology of Masculinity .»

<sup>51</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 160.

<sup>52</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 160.

<sup>53</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 9.

store variasjonar lokalt og regionalt. Ved å studere dekninga av kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne i lokalavisa Jærbladet kan ein få ein innsikt i korleis mediedekninga og framstillinga av fotball og kjønn har vore kulturelt forankra.

Eg skal bruke det digitale arkivet til Jærbladet og studere dei digitaliserte papirutgåvene frå august til oktober i åra 1987 og 2019. Ved å bruke søkeordet ”sport” får eg opp alle avisene frå periodane eg skal undersøke. Sidan eg berre skal ta stikkprøvar i to årgangar vil funna vere eit resultat av stikkprøvane, men kan likevel gi ein peikepinn på korleis sportsnyheitene var dei respektive åra, samt kunne seie noko om utviklingstrekk mellom dei to åra og vere gjenstand for samanlikning med liknande studium.

Grunnen til at eg vel å gjere ei presseanalyse er at aviser og media utgjer ein presentasjon av offentlegheita. Formålet mitt er å sjå på framstillinga av kvinne- og herrefotball, nærmare bestemt Klepp sitt kvinnelag og Bryne sitt herrelag. I denne samanhengen er det relevant å gjere ei presseanalyse for å sjå kva medieorden som har vore gjeldande i Jærbladet og om ein kan sjå spor av hegemonisk maskulinitet i sportsnyheitene i avisa.

Eg vel å undersøke framstillinga av kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne fordi laga har vore flagskipa på Jæren innan fotball i fleire tiår. Klepp har vore i Toppserien sidan landsserien for kvinner blei oppretta i 1987, men rykka for første gong ned til 1.divisjon i 2021. Bryne har vore det fremste laget innan herrefotball på Jæren og har variert frå å spele på øvste nivå, Eliteserien, til 2.divisjon. Begge laga har vore klart best av laga Jærbladet dekker, noko som har gitt størst mediedekning. Å samanlikne mediedekninga til det beste kvinnelaget og det beste herrelaget gir derfor størst analysegrunnlag.

I ei bacheloroppgåve har ein avgrensa med tid og moglegheiter til å gjere undersøkingar. Eg vel derfor å avgrense undersøkingane til å gjelde papirutgåvene frå august til oktober. Grunngevinga for valet av dei tre månadane er at det er dei tre siste månadane av haustsesongen for begge laga, noko som gjer at laga har om lag like mange kampar, samt sesonginnspurt på same tid.

Det kan vere føremålstenleg å ha relativt stor avstand mellom dei to åra eg skal undersøke slik at moglege utviklingstrekk kjem betre til syne. Eg vel derfor å undersøke året 1987, det første året med landsserie for kvinner. Dette var òg det første året der kvinnefotball fekk reell

mediedekning i Jærbladet. Dette bekreftar sportsjournalist i Jærbladet i 1987, Kjell Olav Stangeland, då han skreiv i ei spalte 2.oktober at Klepp ”bare det siste året har vorte ofra spalteplass”.<sup>54</sup> Eg ønskjer òg ha eit år som er tett opp mot notid. Derfor vel eg året 2019 sidan det er det siste året før koronapandemien. Under koronapandemien var fotballsesongane noko annleis og ein må rekne med at pandemien hadde innverknad på mediedekninga. Derfor vel eg det siste året før pandemien slik at funna kan vere mest mogleg representative for perioden, og ikkje berre for dei to-tre siste åra.

Undersøkinga eg skal gjere består både av ein historisk tekstanalyse og ein kvantitativ analyse. Hovudfokuset er på den historiske tekstanalysen, der eg skal nærlese sportsnyheitene. Eg skal undersøke innhaldet i sakene og språket som er brukt. Den kvantitative analysen består av oversikt over kor mange saker, kva type saker og kor store oppslag kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne har fått. I sakene som handlar om Klepp og Bryne, skal eg dele dei inn i kategoriane ”før kamp”, ”kampreferat”, ”reklame for kamp” og ”øvrige saker”. Eg vel å skilje mellom ”før kamp” og ”reklame for kamp” sidan dei ikkje dekker det same. ”Før kamp”-sakene handlar om korleis laget er rusta for kamp, kven som er motstandaren, tabellsituasjonen og andre relevante opplysningar om den komande kampen. ”Reklame for kamp” er rein reklame for kampen, ofte i form av ein notis. I tillegg viser den kvantitative analysen statistikk over kvinne- og herrefotball generelt. Sakene om øvrig kvinne- og herrefotball er ein eigen kategori og blir ikkje delt inn i ytterlegare kategoriar slik som sakene om Klepp og Bryne.

Grunnen til at eg vel ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ metode er at dei avdekker ulike funn. Styrkane til dei kvantitative funna er at dei seier noko om totalbiletet og omfanget av dekninga. Svakheitene ved kvantitativ metode er at ein mistar detaljane. I ei undersøking av mediedekning er ikkje talet på saker det einaste ein ønskjer å undersøke. Derfor vel eg å bruke kvalitativ metode for å sjå på språkbruken i sakene, vinklingane og kunnskapen om laga. Kvalitativ metode kan med andre ord seie noko om korleis laga blir framstilt. Kombinasjonen av kvantitativ og kvalitativ metode kan derfor gi eit noko meir heilskapleg og utfyllande bilete av sportsjournalistikken i Jærbladet.

---

<sup>54</sup> Stangeland, Kjell Olav. 1987. «Heia Klepp!» *Jærbladet*, 02.10: 12.

Eit poeng innan den kvantitative analysen er at det har skjedd store endringar innan media frå 1987 til 2019. I 1987 var det fleire saker i sportsnyheitene, men dei var nesten utelukkande små spalter. Den største skilnaden på store og små saker i 1987 var om sakene hadde bilete eller ikkje, i tillegg til litt skilnad i talet på ord. I 2019 var det færre saker og det er tydelegare kva som var hovudoppslag og kva som var mindre oppslag på grunn av større skilnad i talet på ord og storleiken på bileta. Den store skilnaden på sportsjournalistikk frå 1987 og 2019 gjer det vanskeleg å kategorisere sakene på same måte. Kategoriane er derfor noko ulike i undersøkingane frå 1987 og 2019. Dette kan gjere det vanskelegare å samanlikne dei kvantitative funna frå dei to åra. Hovudfokuset er på den historiske tekstanalysen, men dei kvantitative funna kan likevel tilføre kunnskap om kor stor mediedekninga var av kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne.

Etisk er det vesentleg å nemne at eg sjølv spelar på kvinnelaget til Bryne og spelar derfor for same klubb som herrelaget eg har undersøkt mediedekninga av. I tillegg har eg erfart korleis det er å vere kvinneleg utøvar i ein mannsdominert idrett der mediedekninga dyrkar maskuline verdiar. Frustrasjonen eg har kjend på, er bakgrunnen for interessa mi for emnet og problemstillinga.

## **2 Mediedekning og framstilling av fotball i Jærbladet i 1987**

### **2.1 Sportsjournalistikk i 1987**

Sportsnyheitene i Jærbladet bestod i 1987 av éi til to sider med om lag 10-15 saker. Det seier seg sjølv at med så mange saker på så få sider, blei sakene små og ofte utan bilete. Det var heller ingen klar struktur på kva som var hovudoppslag, anna enn at dei største oppslaga ofte hadde eit bilete. Jærbladet hadde tre papirutgåver i veka i 1987, som blei gitt ut måndag, onsdag og fredag.

Kjell Olav Stangeland og Jonas Jørstad var sportsjournalistar i 1987.<sup>55</sup> Dei skreiv stort sett alle sakene om herrelaget til Bryne i 1987. Likevel var dei langt frå dei einaste som skreiv saker om fotball. Eit kjenneteikn for avisene i 1987 er at det var faste personar frå klubbane som skreiv kampreferat og sende inn til Jærbladet. For Klepp sitt kvinnelag var det derfor

---

<sup>55</sup> Fylling, Jostein. 1999. *Avisa på Jæren: Jærbladet 50 år- 1949-1999*. Bryne: Jærbladet AS, 58.

lagleiar Else Karin Stangeland som ofte sende inn kampreferat frå kampane til Klepp. Berre sporadisk skreiv Kjell Olav Stangeland saker om Klepp, og då ofte ikkje kampreferat.

## 2.2 Klepp og Bryne i 1987

1987 var eit år med mange sportslege hendingar for både Klepp og Bryne. Landsserien for kvinner blei halden for første gong i 1987 med ni deltakande lag. Klepp sitt kvinnelag vann serien med ni singlar, tre uavgjort og fire tap.<sup>56</sup> I tillegg spelte Klepp cupfinale mot Sprint/Jeløy, men tapte finalen og fekk cupsølv.<sup>57</sup>

Herrelaget til Bryne spelte i Eliteserien i 1987 med tolv deltakande herrelag og enda til slutt på femteplass.<sup>58</sup> Ei viktigare hending, sett med Bryneauge, var at Bryne for første gong kom til cupfinalen på Ullevaal, der dei slo Brann 1-0 og blei cupmeistrar. Sportsnyheitene i Jærbladet var derfor frå august til oktober prega av serieinnsjutt med seriegull for Klepp sitt kvinnelag og pallplassmoglegheiter for Bryne sitt herrelag, og cupfinalar for begge lag, der Klepp fekk sølv og Bryne gull.

## 2.3 Kvantitative funn

Sidan det er vanskeleg å skilje ut kva som var hovudoppslag i sportsnyheitene i 1987, og dei største sakene blant anna skilde seg ut ved at dei hadde bilete, har eg vald å kategorisere sakene i ”oppslag med bilete” og ”oppslag utan bilete” som ein indikator på kor mykje spalteplass dei to laga blei via. Tabellen<sup>59</sup> viser talet på saker som blei skriva om Klepp og Bryne.

---

<sup>56</sup> Norges Fotballforbund. u.d. *I. Divisjon Kvinner 1987 - Tabell*. Funnen 15.04.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=83267>.

<sup>57</sup> Stangeland, Kjell Olav. 1987. «Klepptriumfen bles bort.» *Jærbladet*, 12.10: 10.

<sup>58</sup> Norges Fotballforbund. u.d. *I. Divisjon 1987 - Tabell*. Funnen 15.04.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=83075>.

<sup>59</sup> Tabellen er laga med statistikk frå alle utgåvene av Jærbladet frå august til oktober.

	Klepp (kvinner)	Bryne (herrar)
Oppslag med bilete	15	23
Oppslag utan bilete	7	22
Totalt	22 (32,8%)	45 (67,2%)

Ut frå tala ser ein at herrelaget til Bryne fekk rett over dobbelt så mange oppslag som kvinnelaget til Klepp. Ein kan kanskje derfor snakke om marginalisering av Klepp sidan det stod så mykje mindre om dei enn om Bryne. Likevel må ein ha i bakhovudet at dette var første året kvinnelaget til Klepp fekk spalteplass i Jærbladet. Ut frå den kunnskapen er det ein vesentleg framgang frå tidlegare år, men ein ser framleis tydelege teikn til marginalisering i dekninga.

For å få eit bilete av korleis kvinne- og herrefotballen blei framstilt, kan ein ikkje berre sjå på talet på saker. Ein må òg sjå på kva type saker som blei skrivi og korleis dei blei skrivne. Under er ein tabell<sup>60</sup> over kva type saker som blei skrivi om Klepp og Bryne.

	Klepp (kvinner)	Bryne (herrar)
Før kamp	5	14
Kampreferat	10	14
Reklame for kamp	0	7
Øvrig sak	7	10
Totalt	22 (32,8%)	45 (67,2%)

Bryne sitt herrelag spelte 15 kampar i haustsesongen, inkludert serie- og cupspel.<sup>61</sup> Alle kampane, bortsett frå éin, blei dekkja både før og etter kamp, med sak i forkant av kampen og

<sup>60</sup> Tabellen er laga med statistikk frå alle utgåvene av Jærbladet frå august til oktober.

<sup>61</sup> Norges Fotballforbund. u.d. *I. Divisjon 1987 - Terminliste*. Funnen 30.04.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/terminliste/?fiksId=83075>.

Rec. Sport Soccer Statistics Foundation (RSSSF). 2021. *Cup 1987*. 15.05. Funnen 03.05.2022.

<http://www.rsssf.no/1987/Cup.html>.

kampreferat etterpå.<sup>62</sup> Sju av kampene blei reklamert for på førehand.<sup>63</sup> For Klepp sitt kvinnelag var opplegget noko annleis. Det blei skriva kampreferat frå alle ti kampene dei spelte, men berre fem oppslag i forkant av kampene.<sup>64</sup> Det blei ikkje reklamert for nokon av kampene. I tillegg er det verd å nemne at lagleiar for kvinnelaget til Klepp, Else Karin Stangeland, skreiv sju av dei ti kampreferata, noko som i seg sjølv seier noko om prioriteringane Jærbladet gjorde. At Jærbladet ikkje brukte ressursar på å vere til stades på kampene til Klepp vitnar om marginalisering. Av øvrige saker er talet relativt likt, men det er verd å nemne at fem av sju saker om Klepp handla om bråk etter sparking av hovudtrenaren før sesongslutt.<sup>65</sup> Det er òg verd å nemne at i fleire fredagsutgåver av avisa var det eit

---

<sup>62</sup> Av plassomsyn står artiklane i kortform. Sjå referanselista for fullstendig informasjon.

Fiskaa. «Gullbjøller klang for Jærens superlag.», 11.

Jærbladet. «1-0 til Brann.», 5; «Bjarne Berntsens finaleutvalgte.», 7; «-Bryne vinn 5-1.», 7; «Bryne vinne 3-1.», 7; «Bryne-Brann 1-1.», 5; «Bryne-kollaps.», 15; «Bryne-Start lørdag: Brian Green med for siste gong?», 7; «Brynes 7.kvartfinale på 10 år: Skal det lukkast mot Ålesund?», 7; «Cupstemning på Bryne i kveld.», 7; «Dette var svakt, Bryne!», 8; «Laber interesse i Trondheim.», 7; «Innsats og tæl ga 3 nye Brynepoeng.», 9; «Pinlig svak Bryneinnsats.», 11; «Årets cupvinnar mot fjorårets?», 5;

Jørstad, Jonas. «Bryne kjem til kvartfinalen.», 6; «Har Bryne fått haustsprekken?», 11; «Mjøndalen- Bryne 2-2 etter ekstraomganger.», 10; «Molde best i alt.», 10;

Stangeland, K.O. «Bryne til Ullevål?», 4; «Brynesuksess i Bergen.», 14; «Etter 8 forsøk: Bryne endeleg til semifinalen!», 4; «Glimrande 2.omg. av Bryne.», 11; «Sjølvforskyldt tap mot Tromsø.», 5.

<sup>63</sup> Jærbladet. «Bryne-Mjøndalen.», 7; «Bryne-Moss.», 5; «Bryne-Rosenborg.», 12; «Bryne-Start.», 7; «Bryne-Tromsø.», 4; «Finalefest på torget.», 6; «Rosenborg-Bryne.», 4.

<sup>64</sup> Jærbladet. «Beherska cupfeber før semifinalen.», 7; «Finale-jentene!», 4; «Klepp vinn cupfinalen.», 4; «Nederlag for Klepp-jentene.», 9;

Stangeland, Else Karin. 1987. «1.div kvinner: Turid og Sissel avgjorde igjen.», 11; «Klepp-tap i god kamp.», 7; «Klepp to poeng nærmere tetplassen.», 11; «Klepp tuktet serielederen.», 14; «Kvartfinale NM damer: Kleppjentene er i semifinalen.», 9; «Turid skjøt Klepp til topps!», 15.

Stangeland, K.O. «Heia Klepp!», 12; «Klepp best på straffe.», 10; «Kleppfinale sikra i siste sekund.», 4; «Klepptriumfen bles bort.», 10; «Så er det Klepps tur: Kvartfinale mot BUL søndag.», 6.

<sup>65</sup> Jærbladet. «Kleppformann Simonsen: Skal ha damelag neste år også.», 7; «Kleppkaptein Bjørg Storhaug: Burde venta til etter sesongen.», 7; «Også BUL sparka trenaren.», 7;

Stangeland, K.O. «Full krig.», 7; «Krigen i Klepp.», 8.

fellesoppslag om fotball som handla om alle kampane som skulle spelast komande helg. Her blei både Klepp og Bryne nemnd, men Bryne hadde som oftast eit ”før kamp”-oppslag i tillegg.

Den største skilnaden i framstillingane av kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne er at kampane til Bryne fekk merksemd før dei var spelte, både i form av eigne oppslag og reklamar. Dette kan tyde på at sportsjournalistane i Jærbladet, medvite eller ikkje, tenkte at folk i større grad ønskte å få med seg kampane til Bryne enn kampane til Klepp. Dette er òg eit teikn på marginalisering og på at medieordenen var prega av ei kollektiv sakralisering av herrelaget til Bryne.

Å sjå på heilskapen for kvinne- og herrefotballen kan gi eit meir fullstendig bilete over dominans og medieorden. Den totale oversikta<sup>66</sup> over oppslag for kvinne- og herrefotball var slik:

	Kvinnefotball	Herrefotball
Totalt	41 (17%)	200 (83%)

Skilnaden mellom kvinnefotball og herrefotball er mykje større enn når ein ser på Klepp og Bryne isolert sett. Sjølv om dette ved første augekast kan tyde på kraftig marginalisering, er det viktig å tenkje på at det var mange fleire herrelag enn kvinnelag i breiddefotballen. Derfor var det naturleg at det blei skrive meir om herrefotball enn kvinnefotball. Likevel var dei mange oppslaga om herrefotball, både om Bryne og breiddefotball, med på å oppretthalde framstillinga av hegemonisk maskulinitet i mediedekninga av fotball.

## 2.4 Språk

Det er ikkje berre talet på saker og kva type saker som avgjer korleis framstillinga av kvinne- og herrefotball var i 1987. Språkbruk er ein vel så viktig indikator for å seie noko om framstillinga. Korleis spelarar, spelet, måla og sjansar blir skildra har mykje å seie for korleis framstillinga blir. I tekstanalysen har eg derfor fokusert på kategoriane ”positivt lada skildringar”, ”negativt lada skildringar”, ”infantilisering”, ”fotballfaglege kunnskapar om laget” og ”kjønna skildringar”.

---

<sup>66</sup> Tabellen er laga med statistikk frå alle utgåvene av Jærbladet frå august til oktober.



Etter å ha lese i gjennom alle sportsnyheitene om kvinnelaget til Klepp og herrelaget Bryne legg ein tidleg merke til at skildringane av kampane til Bryne var meir positive og meir utbroderte. Eit døme på dette er seriekampen mellom Bryne og Rosenborg 20.september 1987 då Rosenborg leia 2-0 til pause, før Bryne snudde kampen til 3-2 i 2.omgang.<sup>67</sup> Overskrifta på kampreferatet blei ”Glimrande 2.omg. av Bryne”.<sup>68</sup> Måla til Rosenborg blei skildra, men òg at Bryne kunne takka keeper Lars Gaute Bø for at det ikkje blei fleire enn to mål.<sup>69</sup> Det er tydeleg at fokuset i framstillinga var på den gode 2.omgangen og det gode keeperspelet i 1.omgang. Spelet i 2.omgang blei nøye utbrodert og skildringane var positive. Det ”gnistra av dei raudkledde” og spelar Børre Meinseth fekk eit ”fint gjennomspel” der han sette ballen ”kontant i mål”.<sup>70</sup> På stillinga 3-2 blei det ”9 lange og spennande minutt” og ”Ubeskrivelege scener” utspelte seg då dommaren bles i fløyta.<sup>71</sup> Liknande skildringar finn ein i kampen mellom Bryne og Mjøndalen i åttandedelsfinalen i cupen. Spelar Paul Folkvord fekk eit ”perfekt innlegg”, Bjarne Lodden ”smelte til frå sytten meter”, Terje Markussen var med på eit ”flott angrep” og Oddmar Nilsen ”fyrte av eit kanonskot frå nesten tjue meter”.<sup>72</sup> Spelet blei nøye beskrive og gode prestasjonar, mål og godt spel blei skildra detaljert. Dei detaljerte skildringane av spelet bidrog til at herrefotballen blei framstilt som opphøgð og ein del av det sakrale, ut frå kategoriane til Durkheim.

I sakene om Klepp sitt kvinnelag var det òg positive skildringar, men sjeldnare enn om Bryne sitt herrelag. Til dømes i kampen der Klepp tapte 2-1 for Trondheims-Ørn 23.august 1987 ser ein tendensar til positive skildringar av spelarane og spelet. Kampen var ein ”velspilt og underholdene damekamp” der Ørn-spelarane fann kvarandre med ”utsøkte pasningar, vingspillet stod i sækklasse” og der Klepp-spelar Sissel Grude fekk ”en fin mulighet etter godt forarbeid av Turid Storhaug”.<sup>73</sup>

---

<sup>67</sup> Stangeland, K.O. «Glimrande 2.omg. av Bryne.», 11.

<sup>68</sup> Stangeland, K.O. «Glimrande 2.omg. av Bryne.», 11.

<sup>69</sup> Stangeland, K.O. «Glimrande 2.omg. av Bryne.», 11.

<sup>70</sup> Stangeland, K.O. «Glimrande 2.omg. av Bryne.», 11.

<sup>71</sup> Stangeland, K.O. «Glimrande 2.omg. av Bryne.», 11.

<sup>72</sup> Jørstad. «Bryne kjem til kvartfinalen.», 6.

<sup>73</sup> Stangeland, E.K. «Klepp-tap i god kamp.», 7.

Likevel bar omtalane av Klepp sitt kvinnelag ofte preg av fleire negative skildringar enn positive. Kjell Olav Stangeland skreiv i kampreferatet av semifinalen i cupen, der Klepp vann 2-1 over Trondheims-Ørn, skildringar som ”gedigen forsvarstabbe”, at spissane blei ”altfor aleine” og at det var ”stundom fint spel [...], men det var svært lite effektivt”.<sup>74</sup> Dette viser at vinklinga og skildringane ikkje var svært positive, trass finalebillett i cupen. Lagleiar Else Karin Stangeland var heller ikkje nådig i skildringane i kampreferatet frå seriekampen 16.august mellom Klepp og Sprint/Jeløy, trass i at resultatet blei Kleppsiger 3-2. Der skreiv ho at ein Kleppforsvarar ”helt unødvendig felte Torill Hoch Nilsen i straffefeltet” og at ”dårlig kommunikasjon” førte til ”denne meget unødvendige scoringen”.<sup>75</sup> Ein finn òg svært negative skildringar om spelet som til dømes ”Det var til tider panikk i Klepps forsvar, laget greidde ikke å komme seg fram på banen, og det var ikke mye fint spill som ble vist fra Klepps side. Stadige lange pasninger ble sendt til kortvokste Kleppspillere som kom til kort i luftduellene”.<sup>76</sup> Kontrasten mellom dei positive skildringane av herrelaget til Bryne og dei negative skildringane av kvinnelaget til Klepp gjer at framstillinga av kvinnefotball i sakene frå august til oktober bar preg av at kvinnefotball var annanrangs og hørde til det profane, det kvardagslege.

Det var ikkje slik at Brynespelarane ikkje fekk høyre det når det gjekk dårleg. Det er fleire døme på negative skildringar som ”Pinlig svak Bryneinnsats” og ”Har Bryne fått haustsprekken?”.<sup>77</sup> Ein skilnad er likevel at det var færre negative skildringar når det gjekk dårleg og at det ofte blei bortforklart med at motstandarane spelte ein svært god kamp, som til dømes i seriekampen mellom Molde og Bryne 8.august der sportsjournalist Jonas Jørstad skreiv at Molde spelte ”sin klårt beste kamp for sesongen”.<sup>78</sup>

Kjønna skildringar var det svært få av. Av sakene frå august til oktober stod det berre éin stad noko som kan minne om ein kjønna skildring. Sportsjournalist Kjell Olav Stangeland skreiv i

---

<sup>74</sup> Stangeland, K.O. «Kleppfinale sikra i siste sekund.», 4.

<sup>75</sup> Stangeland, E.K. «Klepp to poeng nærmere tetplassen.», 11.

<sup>76</sup> Stangeland, E.K. «Klepp to poeng nærmere tetplassen.», 11.

<sup>77</sup> Jørstad. «Har Bryne fått haustsprekken?», 11.

Jærbladet. «Pinlig svak Bryneinnsats.», 11.

<sup>78</sup> Jørstad. «Molde best i alt.», 10.

kamppreferatet frå semifinalen i cupen mellom Klepp og Trondheims-Ørn 16.september at hovudspelet til Bjørg Storhaug ”er det mange menn som kan misunna”.<sup>79</sup>

I kategorien ”fotballfaglege kunnskapar om laget” skilde funna seg lite frå kvarandre. Skildringane i sakene var ikkje utprega fotballfaglege og det var ikkje vesentlege skilnader i sakene om Klepp sitt kvinnelag og Bryne sitt herrelag på dette området.

Eit fenomen innan sportsjournalistikk er infantilisering, at kvinnelege utøvarar får merkelappen ”jenter” medan mannlege utøvarar ikkje blir kalla ”gutar”.<sup>80</sup> Kvinnelege utøvarar blir på denne måten framstilt som barnlegare enn dei er, noko som trivialisere dei og idretten dei driv med. Dette ser ein òg tydelege teikn på i sportsnyheitene i 1987. ”Kleppjentene”, ”jentene” eller ”jærjentene” blei nemnd i nesten alle sakene om Klepp.<sup>81</sup> I Bryne sitt tilfelle blei berre ”mennene” nemnd eit par stader, men aldri ”gutane”. Medan kvinnelaget til Klepp blei infantilisert ved bruk av merkelappen ”jenter”, og dermed òg trivialisert, blei herrelaget til Bryne ikkje det.

Eit anna poeng er at orda ”jenter”, ”damer” og ”kvinner” ofte blei brukt om ein annan i same sak. Det er påfallande at ”jenter” og ”kvinner” blei nemnd oftare i samband med Klepp sitt kvinnelag enn ”gutar” og ”menn” gjorde med Bryne. Framstillinga var dermed prega av at det var sjølv sagt at menn spelte fotball, men at det måtte presiserast når det var kvinner som gjorde det. Denne presiseringa viser dominansen menn har innan idrett og sportsjournalistikk.

---

<sup>79</sup> Stangeland, K.O. «Kleppfinale sikra i siste sekund.», 4.

<sup>80</sup> Lilleheil, Charlotte. 2010. - ”De lovet å ikke spille på sex”: Om programmet ”Jenteligaen”, og TV 2 sin fremstilling av ”kvinnelig” fotball. Bergen: Masteroppgåve i medievitskap, 18.

<https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/4404/72030526.pdf?sequence=1&isAllowed=y>.

<sup>81</sup> Jærbladet. «Nederlag for Klepp-jentene.», 9; «Beherska cupfeber før semifinalen.», 7; «Finale-jentene!», 4; «Klepp vinn cupfinalen.», 4.

Stangeland, E.K. «Klepp best på straffe.», 10; «Klepp-tap i god kamp.», 7; «Kvartfinale NM damer: Kleppjentene er i semifinalen.», 9; «1.div kvinner: Turid og Sissel avgjorde igjen.», 11; «Turid skjøt Klepp til topps!», 15.

Stangeland, K.O. «Så er det Klepps tur: Kvartfinale mot BUL søndag.», 6; «Kleppfinale sikra i siste sekund.», 4; «Heia Klepp!», 12; «Klepptriumfen bles bort.», 10; «Krigen i Klepp.», 8.

Stikkprøven frå 1987 viser det som von der Lippe har peika på, nemleg at media skapar og opprettheld ei framstilling av at medan menn driv idrett, og ikkje mannsidrett, driv kvinner med kvinneidrett, noko som er annanrangs samanlikna med idretten menn utøver.

## 2.5 Flate beskrivingar vs. dramaturgi

Skildringane av kvinnelaget til Klepp inneheldt færre adjektiv og adverb, noko som gav utslag i ei meir platt framstilling av kampane. Det var færre skildringar av spelet og detaljar om kampane. Eit døme på dette er ei svært faktaorientert framstilling av straffesparkkonkurransen mellom Klepp og Setskog 2.august, som blei skildra slik: ”Klepp var først ute og Setskogs målvakt reddet skuddet. Siden ble det scoret jevnt og trutt og Nina Bjørnevik fikk gleden av å avgjøre til Klepps fordel. Da hadde begge lagene tatt 9 straffespark. Klepp scoret på 7 og Setskog på 6”.<sup>82</sup>

Dekkinga av herrelaget til Bryne var derimot prega av språkleg estetikk, noko som skapte meir dramatiske framstillingar. Eit døme på dette er at i same papirutgåve som straffesparkkonkurransen til Klepp blei skildra, blei cupkampen mellom Mjøndalen og Bryne skildra på meir dramaturgisk vis. Jørstad skreiv at det var ”ein nervepirrande kamp”, at det var ”eit forferdeleg regnvêr” på ”den såpeglatte banen” og at spelet inneheldt blant anna ”knallhard[e] skot” og ”perfekt[e] pasning[ar]”.<sup>83</sup>

Skilnadane i språkbruk gjer at kampreferata om kvinnelaget Klepp til tider verker kjedelege, medan referata frå kampane til herrelaget til Bryne verker spennande. Framstillingane var med på å skape eit bilete av herrefotball som opphøgd, noko ein ikkje måtte gå glipp av, og kvinnefotball som kjedeleg og kvardagsleg. Ein kan derfor seie at framstillingane var prega av hegemonisk maskulinitet sidan få, om nokon, stilte spørsmål til skilnadane i vinklingar og språkbruk.

---

<sup>82</sup> Stangeland, E.K. «Klepp best på straffe.», 10.

<sup>83</sup> Jørstad. «Mjøndalen-Bryne 2-2 etter ekstraomganger.», 10.

### **3 Mediedekning og framstilling av fotball i Jærbladet i 2019**

#### **3.1 Sportsjournalistikk i 2019**

I papirutgåvene frå august til oktober 2019 var det sportsjournalist Tarjei Sel og journalistane Sindre Slethei og Thommas Husevik som skreiv sakene. Papirutgåvene kom, som i 1987, måndag, onsdag og fredag.

Sportssidene varierte i 2019 frå to til fire sider, med i snitt to til fem saker. I enkelte aviser var talet på saker opp mot ti. Sakene var annleis samanlikna med 1987, først og fremst ved at det var store bilete, ofte halve spalteplassen, på dei største sakene. Det var òg meir tekst i kvar sak enn i 1987, samt færre saker totalt. I tillegg var det meir fokus på sitat frå involverte personar enn i 1987, då dei einaste sitata i kampreferata ofte var frå trenaren. Sportssidene hadde ein klarare struktur enn i 1987, der det er enklare å sjå kva som var hovudoppslag og kva som var mindre oppslag eller notisar.

#### **3.2 Klepp og Bryne i 2019**

I 2019 var det store skilnader på dei sportslege resultatane for kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne. Medan Klepp lenge kjempa om gull i Toppserien, hadde Bryne nok med å ikkje rykke ned frå 2.divisjon. Klepp enda til slutt på tredje plass på øvste nivå på kvinnesida.<sup>84</sup> Bryne på si side, ein toppklubb over mange tiår, var i 2.divisjon på nivå 3 og hamna til slutt på tiandeplass.<sup>85</sup> Mediebiletet var derfor prega av kontrastar, med stort press på, og kritikk av, herrelaget til Bryne og dekning av medaljekampen til kvinnelaget Klepp.

#### **3.3 Kvantitative funn**

Sportsnyheitene i 2019 hadde ein tydeleg struktur med skilnad på hovudoppslag, mindre oppslag og notisar. Eg har derfor vald å kategorisere sakene i ”hovudoppslag”, ”mindre oppslag med bilete”, ”mindre oppslag utan bilete” og ”notis”. Hovudoppslaga var på minimum éi side, men ofte to sider. Mindre oppslag med bilete var frå ei halv til éi side, og

---

<sup>84</sup> Norges Fotballforbund. u.d. *Toppserien 2019 - Tabell*. Funnen 16.04.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=164051>.

<sup>85</sup> Norges Fotballforbund. u.d. *PostNord-ligaen avd. 1 2019 - Tabell*. Funnen 16.04.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=164050>.

mindre oppslag utan bilete var noko mindre. Notisane var klart mindre og dekte berre ein liten del av ei side. Tabellen<sup>86</sup> under viser talet på saker som blei skrivne om Klepp og Bryne.

	Klepp (kvinner)	Bryne (herrar)
Hovudoppslag	7	19
Mindre oppslag med bilete	9	15
Mindre oppslag utan bilete	2	2
Notis	4	3
Totalt	22 (36%)	39 (64%)

Tala viser at herrelaget til Bryne fekk i underkant av dobbelt så mange oppslag som kvinnelaget til Klepp. Tala skil seg dermed lite ut frå tala frå 1987 på 22 saker om Klepp og 45 saker om Bryne. Herrelaget til Bryne fekk nesten tre gonger så mange hovudoppslag, og seks fleire mindre oppslag med bilete enn kvinnelaget til Klepp. Når ein samanliknar tala med dei sportslege resultatane, med Klepp som kjempa om medalje på øvste nivå, og Bryne som kjempa for å unngå nedrykk på nivå tre, kan ein snakke om ei klar marginalisering av kvinnelaget til Klepp. Omfanget av mediedekninga stod ikkje i stil med dei sportslege resultatane til laga, noko som styrkar teorien til Bourdieu om at den symbolske makta media har gjer at fleirtalet av lesarane ikkje stiller spørsmål ved legitimiteten til skeivfordelingane i dekningsa.<sup>87</sup> At herrelaget til Bryne fekk meir merksemd, trass dårlegare prestasjonar, blir ei symbolsk stadfesting av at herrefotball har høgare underhaldningsverdi og at kvinnefotball er noko marginalt og meir trivielt.<sup>88</sup>

For å sjå på kva type saker og korleis det blei skrivne, har eg brukt dei same kategoriane som på sakene frå 1987. Under er ein tabell<sup>89</sup> over kva type saker som blei skrivne om Klepp og Bryne i 2019.

<sup>86</sup> Tabellen er laga med statistikk frå alle utgåvene av Jærbladet frå august til oktober.

<sup>87</sup> Lippe. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, 27.

<sup>88</sup> Persson, Stefansen, Strandbu. «Fotball som kjønnet mulighetsrom.», 242, <https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/doi/full/10.18261/issn.1891-1781-2020-03-05>.

<sup>89</sup> Tabellen er laga med statistikk frå alle utgåvene av Jærbladet frå august til oktober.

	Klepp (kvinner)	Bryne (herrar)
Før kamp	8	10
Kampreferat	11	12
Reklame for kamp	0	0
Øvrig sak	3	17
Totalt	22 (36%)	39 (64%)

Kvinnelaget til Klepp spilte elleve kamper i perioden august til oktober.<sup>90</sup> Det blei skrive kampreferat frå alle kampane, i tillegg til ein ”før kamp”-sak før åtte av kampane.<sup>91</sup> Ein skilnad frå 1987 er at alle kampreferata blei skrivne av sportsjournalistar, og ingen saker av personar involvert rundt kvinnelaget til Klepp. Tala for Bryne sitt herrelag var relativt like. Dei spelte tolv kamper, der det blei skrive kampreferat frå alle kampane, samt ti ”før kamp”-saker.<sup>92</sup> På dette området var det derfor få skilnader i talet på oppslag.

<sup>90</sup> Norges Fotballforbund. 2019. *Toppserien 2019 - Terminliste*. Funnen 02.05.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/terminliste/?fiksId=164051>.

<sup>91</sup> Asheim. «Endelig var Elisabeth Terland tilbake for Klepp: -Det smakte godt.», 17.

Husevik. «Klepp slo tilbake med overlegen seier.», 21.

Sel. «Bare seier teller for Klepp.», 21; «Klepp bør pynte på målforskjellen.», 21; «Klepp fortsatt uten Terland.», 23; «Klepp har fire kamper igjen: Har ikke gitt opp medalje.», 22; «Klepp har ikke råd til å avgi poeng.», 23; «Klepp ledet 2-0, men så raknet det.», 14; «Klepp trøblet kraftig i Oslo-igjen.», 13; «Klepp var ikke til å kjenne igjen.», 21; «Matilde scoret to mål i comebacket.», 19; «Snart må hun offshore igjen.», 14; «Solide Klepp opp på bronseplass.», 15; «Superjentene som spiller for seriegull.», 12-13.

Slethei. «Kastet bort ledelsen og tapte.», 17; «Terland kan være tilbake.», 19; «Terland står over mot Avaldsnes.», 11; «Tuva har veldig lyst på gull.», 16; «Kontrollert storseier.», 16.

<sup>92</sup> Asheim. «Det er helt skandale.», 15.

Husevik. «Bryne tok viktig trepoenger.», 14-15.

Norges Fotballforbund. 2019. *PostNord-ligaen avd. 1 2019 - Terminliste*. Funnen 02.05.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/terminliste/?fiksId=164050>.

Sel. «Bryne fikk endelig noe å juble for.», 18-19; «Bryne må stoppe tapsrekken.», 21; «Bryne presset voldsomt, men gikk på nytt tap.», 17; «Bryne trenger ett poeng for å unngå teoriprat.», 21; «Debuterer han mot Vidar?», 23; «Dette er pinlig, Bryne!», 15; «En typisk serieavslutning.», 12; «Fortsatt skadetrøbbel i Bryne.», 21; «Gamle storheter møtes i 2.divisjon.», 20; «Mangler sju spillere mot opprykkskandidaten.», 23; «Omar sikret plassen for Bryne.», 14; «-Skjønner godt at

Det som derimot skilte dekninga av laga, er talet på øvrige saker. Medan det var tre saker om Klepp sitt kvinnelag, var det heile 17 saker om Bryne sitt herrelaget. Dei tre sakene om Klepp handla om framtida til hovudtrenaren, samt to saker om Kleppspelarar som blei tatt ut på A-landslaget.<sup>93</sup> Sju av dei 17 sakene om Bryne sitt herrelag var knytte til nedrykksstriden. Dagleg leiar, supporterleiaren, tidlegare dagleg leiar og andre med verv i klubben uttala seg i media om situasjonen i Bryne.<sup>94</sup> Trass dei dårlege prestasjonane, var det framleis større blest om nedrykksstriden til Bryne enn gull- og medaljestriden til Klepp. Kvinnelaget til Klepp blei dermed framstilt som mindre viktige enn herrelaget til Bryne. Den store avstanden mellom nivå og prestasjon mellom Klepp og Bryne tydeleggjer skilnadane i framstillinga av kvinne- og herrefotball. Dette viser tydeleg at framstillinga av mediedekninga av fotball i Jærbladet var prega av hegemonisk maskulinitet. Dei 17 øvrige sakene som blei skrive om Bryne viser korleis framstillinga var prega av at det var langt meir dramatisk at herrelaget til Bryne heldt på å rykke ned til 3.divisjon enn det var at Klepp sitt kvinnelag var med i gullkampen. Trass mykje kritikk i media av herrelaget til Bryne, viser fokuset på dei at dei likevel blei opphøgd, medan kvinnelaget til Klepp blei trivialisert og plassert i den profane kategorien.

Tabellen<sup>95</sup> under viser den totale oversikta over oppslag for kvinne- og herrefotball.

	Kvinnefotball	Herrefotball
Totalt	42 (29,8%)	99 (70,2%)

---

folk er skuffa.», 22-23; «Sikret plassen med ganske god margin.», 15; «Trenger sårt en seier.», 21; «Tørster etter seier.», 22.

Slethei. «Bryne ble latterlig-gjort av tabellnabo: En kamp vi bare må glemme.», 16; «Bryne tapte på overtid.», 12; «Bryne tapte til tross for to Mæland-mål.», 16-17; «Forbannet Halvorsen etter nok et tap.», 12.

<sup>93</sup> Sel. «Elisabeth Terland tatt ut på a-landslaget for første gang.», 20; «Hansen tilbake på landslaget.», 23; «Usikker på fremtiden.», 18.

<sup>94</sup> Håland. «-Det er greit å gi seg nå, mens forholdet til klubben er godt.», 20-21; «-Sov ikke på to netter.», 20.

Sel. «Det er ikke krise, men jeg skjønner at folk bruker ordet.», 14; «Håndballtreneren som skal lede Bryne tilbake dit de hører hjemme.», 30-31; «-Vi har fått det de lovet oss.», 16; «Vet ikke om jeg fortsetter.», 21;

Støbakk. «-Aldri før har Bryne FK vært mer skakkjørt enn idag.», 28.

<sup>95</sup> Tabellen er laga med statistikk frå alle utgåvene av Jærbladet frå august til oktober.



Totalt sett viser tala for kvinne- og herrefotball at det blei skriva nesten like mange saker om kvinnefotball som i 1987 (42 i 2019 og 41 i 1987), men halvparten så mange om herrefotball (99 i 2019 og 200 i 1987). Tala viser dermed at det har jamna seg noko ut, men at oppslag om herrefotball framleis dominerte mediebietet i sportsnyheitene. Det var fleire herrelag enn kvinnelag, noko som kan bidra til å forklare dei over dobbelt så mange oppslaga, men likevel kan ein sjå tydelege tendensar til marginalisering av kvinnefotball i talet på oppslag. Trass i at ein kan sjå ein logisk årsak til skeivfordelinga, bidrog skilnaden til å oppretthalde hegemonisk maskulinitet i framstillinga av fotball.

### 3.4 Språk

I tekstanalysen av språkbruken i sportsnyheitene i 2019 bruker eg dei same kategoriane som for 1987. Kategoriane eg bruker er ”positivt lada skildringar”, ”negativt lada skildringar”, ”infantilisering”, ”fotballfaglege kunnskapar om laget” og ”kjønna skildringar”.

Eit trekk ved framstillinga av herrelaget til Bryne er at sakene inneheldt både mange positive, men òg negative skildringar. I kampreferata etter sigrar var det mange positive skildringar som til dømes i kampreferatet etter Bryne-Arendal der Bryne vann 2-1.<sup>96</sup> Det var skildringar om Samuel Nahr som ”på utsøkt vis drar seg mellom to Arendal-spillere og banker inn 1-0” og ”Brynes kvikke høyrekant Robert Undheim”.<sup>97</sup> Kampen mot Sola 24.august, der Bryne vann 2-0 blei beskrive som ”en solid seier”, der ”Jonatan Braut Brunnes hadde en suser i tverrliggeren” og der ”Den kraftige angrepsspilleren leverte en solid kamp, og toppet det hele med den viktige andrescoringen”.<sup>98</sup>

Samanlikna med herrelaget til Bryne, inneheldt sakene om Klepp færre personskildringar og skildringar av spelet, samt færre adjektiv og adverb i skilringane, trass betre prestasjonar. Likevel var sakene om Klepp meir språkleg estetiske enn i 1987. Innsatsen stod ”til 20 i stil hos samtlige spillere” i seriekampen mot LSK Kvinner, i kampen mot Trondheims-Ørn hadde Gry Tofte Ims ”en strålende heading” og Elisabeth Terland og Tameka Butt hadde ”et flott veggspill seg i mellom”, der Butt avslutta angrepet ”på iskaldt vis” i Kleppsigeren mot Fart er

---

<sup>96</sup> Husevik. «Bryne tok viktig trepoenger.», 14-15.

<sup>97</sup> Husevik. «Bryne tok viktig trepoenger.», 14-15.

<sup>98</sup> Sel. «Bryne fikk endelig noe å juble for.», 18-19.

døme på dette.<sup>99</sup> Det er derfor mange døme på positive skildringar, langt fleire enn i sakene frå 1987, men det er likevel færre samanlikna med sakene om herrelaget til Bryne i 2019.

Ein skulle tru at språkbruken i framstillinga av kvinnelaget til Klepp var prega av at dei kjempa i toppen av Toppserien. Overskrifta ”Superjentene som spiller for seriegull” 5.august er i så måte eit tydeleg teikn på det.<sup>100</sup> Likevel var mange av overskriftene relativt kjedelege som til dømes ”Kontrollert storseier” (etter 5-0-sigeren over Stabæk), ”Endelig var Elisabeth Terland tilbake for Klepp: -Det smakte godt” (etter 1-1 mot LSK Kvinner, Noregs beste lag i 2019) og ”Solide Klepp opp på bronseplass” (etter 1-4-siger mot Røa).<sup>101</sup> Nokre var òg vinkla negativt som til dømes ”Klepp trøblet kraftig i Oslo- igjen” (etter 2-1- tap for Lyn) og ”Kastet bort ledelsen og tapte” (etter 2-3-tap for Trondheims-Ørn).<sup>102</sup> Det er lite i desse overskriftene som vitnar om at Klepp var i medaljekampen og framstillinga hadde få teikn på dramaturgi. Overskriftene bidrog til ei framstilling av at medaljekampen ikkje var så viktig, og ein kan seie at kvinnelaget til Klepp dermed blei framstilt som ein del av det profane, med andre ord som noko mindre viktig enn den opphøgde herrefotballen.

Eit fenomen i sportsnyheitene i 2019 var at herrelaget til Bryne ofte blei vinkla meir positivt enn kvinnelaget til Klepp, både i skildringar og overskrifter. Overskriftene ”Kastet bort ledelsen og tapte” (etter 2-3-tapet til Klepp mot Trondheims-Ørn) og ”Bryne tapte til tross for to Mæland-mål (etter 3-4-tapet til Bryne for Kvik Halden) er eit døme på dette.<sup>103</sup> Kampane var nesten identiske, der både Klepp og Bryne leia 2-0, og der motstandarane snudde kampen. Framstillinga av herrelaget til Bryne hadde fokus på ”Dagens største positive overraskelse”, ”Det nye stjerneskuddet” Ola Mæland, medan framstillinga av kvinnelaget til Klepp hadde ei

---

<sup>99</sup> Husevik. «Klepp slo tilbake med overlegen seier.», 21.

Sel. «Superjentene som spiller for seriegull, 12-13.

Slethei. «Kastet bort ledelsen og tapte.», 17.

<sup>100</sup> Sel. «Superjentene som spiller for seriegull.», 12-13.

<sup>101</sup> Asheim. «Endelig var Elisabeth Terland tilbake for Klepp: -Det smakte godt.», 17.

Sel. «Kontrollert storseier.», 16.

Sel. «Solide Klepp opp på bronseplass.», 15.

<sup>102</sup> Sel. «Klepp trøblet kraftig i Oslo- igjen.», 13.

Slethei. «Kastet bort ledelsen og tapte.», 17.

<sup>103</sup> Slethei. «Bryne tapte til tross for to Mæland-mål.», 16-17; «Kastet bort ledelsen og tapte.», 17.

negativ vinkling.<sup>104</sup> Andre døme finn ein frå Bryne sine kampar mot Arendal som inneheldt skildringar som ”høyreiste Reiss James Greenidge for Arendal snurret rundt med Krister Wemberg og leverte så en utsøkt målgivende pasning” og ”imponerende vingspill, spesielt fra gjestenes høyreside”.<sup>105</sup> Medan måla herrelaget til Bryne slapp inn blei forklart med godt spel frå motstandarane, blei måla kvinnelaget til Klepp slapp inn forklart med dårleg forsvarsspel som i skildringane ”Den lynkjappe spissen ble passet på av Susanne Vistnes, som ikke er spesielt rask”, ”Vilde Hasund ble spilt fri, løp fortere enn Klepp-forsvaret og scoret med et skudd som Lindsey Burke Harris burde tatt” og ”en litt klønete inngripen av Marthine Østenstad” førte til straffespark.<sup>106</sup> Det finst sjølvsagt døme på negative skildringar av forsvarsspelet til herrelaget til Bryne òg, men ofte blei baklengsmål og dårlege prestasjonar forklart med gode prestasjonar av motstandarane.

I sakene om kvinnelaget til Klepp finn ein fleire stader ordet ”jentene”, i ulike konstellasjonar. ”Superjentene”, ”Kleppjentene” og ”traktorjentene” er tydelege teikn på infantilisering av kvinnelaget til Klepp.<sup>107</sup> Likevel er det færre døme på at ”jentene” blei brukt i sakene i 2019 enn i 1987, der nesten alle sakene inneheldt termen. I sakene om herrelaget til Bryne finn ein ikkje slike døme frå verken 2019 eller 1987. ”Gutane” blei aldri brukt om laget. Det einaste dømet på ordet ”gut” i 2019 er i kamppreferatet frå kampen mellom Sola og Bryne, der spelar Jonatan Braut Brunnes sjølv uttala til Jærbladet at ”det er Brynegutt jeg er”.<sup>108</sup> Herrelaget til Bryne blei med andre ord ikkje infantilisert slik som kvinnelaget til Klepp gjorde.

Medan sakene om kvinnelaget til Klepp inneheldt ”kvinner” og ”jenter”, inneheldt ikkje sakene om herrelaget til Bryne denne presiseringa. Dette styrkar teorien til von der Lippe om at sportsjournalistikken framstiller det som at menn driv idrett og kvinner driv med kvinneidrett. Det at det var sjølvsagt at menn spelte fotball, men at det måtte presiserast i sakene om kvinnelaget til Klepp er nok eit teikn på korleis medieordenen var prega av hegemonisk maskulinitet og dominans.

---

<sup>104</sup> Slethei. «Bryne tapte til tross for to Mæland-mål.», 16-17.

<sup>105</sup> Husevik. «Bryne tok viktig trepoenger.», 14-15.

<sup>106</sup> Sel. «Klepp trøblet kraftig i Oslo- igjen.», 13; «Solide Klepp opp på bronseplass.», 15.

<sup>107</sup> Sel. «Superjentene som spiller for seriegull.», 12-13; «Matilde scoret to mål i comebacket.», 19; «Solide Klepp opp på bronseplass.», 15.

Slethei. «Kastet bort ledelsen og tapte.», 17.

<sup>108</sup> Sel. «Bryne fikk endelig noe å juble for.», 18-19.

Innanfor kategorien ”fotballfaglege kunnskapar om laget” er funna relativt like for både Bryne og Klepp. Sportsjournalistane i Jærbladet synte gode kunnskapar om laga, med solid oversikt over både tropp, komande kampar og motstandarar. I kategorien ”kjønna skildringar” gjorde eg ingen funn.

### **3.5 Jærbladet samanlikna med studiet til Leonsen og Skarpenes**

Leonsen og Skarpenes fann i undersøkinga si at det i perioden 2014-2017 blei skriva 102 saker (11%) om kvinnelaget til Amazon Grimstad og 807 saker (89%) om herrelaget til Jerv i Fædrelandsvennen.<sup>109</sup> I Agderposten var tala 291 saker (13%) om Amazon Grimstad og 1945 saker (87%) om Jerv.<sup>110</sup> I Jærbladet er skilnaden i dekninga i 2019 av Klepp og Bryne òg store, men mykje jamnare enn i Fædrelandsvennen og Agderposten. Det blei skriva 22 saker (36%) om kvinnelaget til Klepp og 39 saker (64%) om herrelaget til Bryne. Det er òg verd å merke seg at tala i Jærbladet frå 1987 òg er jamnare enn tala frå Sørlandsstudiet 2014-2017. Då blei det skriva 22 saker (32,8%) om Klepp og 45 saker (67,2%) om Bryne.

Ut frå tala ser ein at dekninga var asymmetrisk både i Jærbladet og Sørlandsavisene, men at skilnaden i dekninga av kvinne- og herrefotball var mindre i Jærbladet. Skilnaden var til og med mindre i Jærbladet i 1987, det første året med landsserie for kvinner, enn skilnaden i Sørlandsavisene frå 2014-2017. Dette tyder på at kvinnefotballen tidleg fekk eit mykje meir solid feste i mediedekninga av fotball i Jærbladet enn i Sørlandsavisene.

Kvalitativt er funna i Jærbladet og Sørlandsavisene likare. Det er fleire likskapstrekk mellom funna til Leonsen og Skarpenes i kampreferata i Sørlandsavisene og funna mine frå Jærbladet. Innan kvinnefotball var det fleire flate skildringar, medan dekninga av herrefotballen bar preg av språkleg estetiske skildringar av spelet og spelarane. Begge stader er det òg tydelege funn på infantilisering av kvinnelege utøvarar, men ikkje av mannlege. Likevel har Jærbladet fleire skildringar av kampane og spelarane på kvinnesida, samt fleire positive vinklingar enn det Leonsen og Skarpenes fann i Fædrelandsvennen og Agderposten.

---

<sup>109</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 12.

<sup>110</sup> Leonsen, Skarpenes. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.», 12.

Det er særskilt på eit punkt at framstillinga av fotball i Jærbladet og dei to Sørlandsavisene skil seg frå kvarandre. Jærbladet syner gode fotballfaglege kunnskapar innan både kvinnefotball og herrefotball, medan Sørlandsavisene har store kunnskapshol innan kvinnefotball, der manglande kunnskap førte til mindre informasjon om laget, men òg direkte feil som til dømes at ein av motstandarane blei nemnd som målscorar på laget til Amazon Grimstad. Der kunnskapane om laga er relativt jamne i Jærbladet, er kontrastane store i kunnskapane av kvinnefotball og herrefotball i dei to Sørlandsavisene.

#### **4 Utviklingstrekk og oppsummering**

Det er påfallande at maskuline verdiar blei dyrka og framheva i sportsnyheitene i Jærbladet, både ved talet på saker og korleis dei to laga blei omtala. Det blei skrive fleire saker om herrelaget til Bryne og sakene var prega av meir språkleg estetikk og dramaturgi enn sakene om kvinnelaget til Klepp. Ein kan dermed snakke om hegemonisk maskulinitet sidan få, om nokon, stilte spørsmål ved legitimiteten Jærbladet hadde til å skape ein medieorden der maskuline verdiar blei opphøgd. Sakraliseringa av herrelaget til Bryne og framstillinga av kvinnelaget til Klepp som ein del av det profane, det kvardagslege, bidrog til å oppretthalde hegemonisk maskulinitet i sportsjournalistikken.

Funna i denne undersøkinga styrkar teorien til von der Lippe om at det er ein myte at utviklinga går i ”rett” retning sidan utviklinga frå 1987 til 2019 ikkje har vore lineær. I kvantitet, talet på saker og oppslag, er tala frå 1987 og 2019 nesten identiske og det er vanskeleg å sjå nokon utvikling. Ein kan kanskje til og med snakke om ei negativ utvikling dersom ein ser på utviklinga til dei to laga i sportsleg prestasjon. Ein kan i så måte seie at det ikkje er samsvar mellom talet på oppslag og sportslege prestasjonar og at det er eit klart teikn på marginalisering av kvinnelaget til Klepp. Det kan derfor tyde på at det er nedfelt i det kulturelle kollektive medvitte at herrelaget til Bryne høyrer til det sakrale og kvinnelaget til Klepp det profane.

Ein kan på mange måtar seie at det var ein breidde i korleis Jærbladet framstilte herrelaget til Bryne som opphøgd og kvinnelaget til Klepp som ein del av det profane. Gjennom skeivfordeling av talet på saker og ulik språkbruk i omtalen av dei to laga kan ein seie at medieordenen bidrog til konservering av maskuline verdiar og til å oppretthalde hegemonisk

maskulinitet. Sjølv om ein ikkje kan seie at utviklinga går i ”rett” retning i talet på saker som blei skrive om dei to laga, kan ein sjå noko utvikling i korleis kvinnelaget til Klepp blei omtala. Medan sakene i 1987 bar preg av relativt få skildringar, infantilisering og trivialisering i nesten kvar sak, kunne ein i 2019 sjå færre teikn på desse punkta. I tillegg var sakene i 2019 om kvinnelaget til Klepp meir fotballfaglege og dei blei skrivne av sportsjournalistar, og ikkje av lagleiaren slik som i 1987, noko som viser at Jærbladet brukte ressursar på kvinnelaget til Klepp og i så måte tok laget meir seriøst. Likevel ser ein tydelege skilnader i omtalen i 2019 mellom kvinnelaget til Klepp og herrelaget til Bryne. Kvinnelaget til Klepp fekk oftare negative vinklingar og sakene inneheldt færre skildringar. I tillegg ser ein tydelege teikn på infantilisering, noko ein ikkje ser spor av for herrelaget til Bryne.

## 5 Referansar

### 5.1 Primærkjelder

- Asheim, Tore Kommedal. 2019. «Det er helt skandale.» *Jærbladet*, 12.08: 15.
- . 2019. «Endelig var Elisabeth Terland tilbake for Klepp: -Det smakte godt.» *Jærbladet*, 16.09: 17.
- Fiskaa, Torbjørn. 1987. «Gullbjøller klang for Jærens superlag.» *Jærbladet*, 26.10: 11.
- Håland, Trude. 2019. «-Det er greit å gi seg nå, mens forholdet til klubben er godt.» *Jærbladet*, 11.09: 20-21.
- . 2019. «-Sov ikke på to netter.» *Jærbladet*, 16.10: 20.
- Husevik, Thommas. 2019. «Bryne tok viktig trepoenger.» *Jærbladet*, 02.09: 14-15.
- . 2019. «Klepp slo tilbake med overlegen seier.» *Jærbladet*, 27.09: 21.
- Jærbladet. 1987. «Årets cupvinnar mot fjorårets?» *Jærbladet*, 23.09: 5.
- . 1987. «1-0 til Brann.» *Jærbladet*, 23.09: 5.
- . 1987. «Beherska cupfeber før semifinalen.» *Jærbladet*, 16.09: 7.
- . 1987. «Bjarne Berntsens finaleutvalgte.» *Jærbladet*, 23.10: 7.
- . 1987. «-Bryne vinn 5-1.» *Jærbladet*, 19.08: 7.
- . 1987. «-Bryne vinne 3-1.» *Jærbladet*, 23.10: 7.
- . 1987. «Bryne-Brann 1-1.» *Jærbladet*, 25.09: 5.
- . 1987. «Bryne-kollaps.» *Jærbladet*, 28.09: 15.
- . 1987. «Bryne-Mjøndalen.» *Jærbladet*, 05.08: 7.
- . 1987. «Bryne-Moss.» *Jærbladet*, 14.08: 5.
- . 1987. «Bryne-Rosenborg.» *Jærbladet*, 02.10: 12.

- 1987. «Brynes 7.kvartfinale på 10 år: Skal det lukkast mot Ålesund?» *Jærbladet*, 19.08: 7.
- 1987. «Bryne-Start.» *Jærbladet*, 28.08: 7.
- 1987. «Bryne-Start lørdag: Brian Green med for siste gong?» *Jærbladet*, 28.08: 7.
- 1987. «Bryne-Tromsø.» *Jærbladet*, 23.09: 4.
- 1987. «Cupstemning på Bryne i kveld.» *Jærbladet*, 05.08: 7.
- 1987. «Dette var svakt, Bryne!» *Jærbladet*, 31.08: 8.
- 1987. «Finalefest på torget.» *Jærbladet*, 28.10: 6.
- 1987. «Finale-jentene!» *Jærbladet*, 09.10: 4.
- 1987. «Innsats og tæl ga 3 nye Brynepoeng.» *Jærbladet*, 24.08: 9.
- 1987. «Klepp vinn cupfinalen.» *Jærbladet*, 09.10: 4.
- 1987. «Kleppformann Simonsen: Skal ha damelag neste år også.» *Jærbladet*, 02.09: 7.
- 1987. «Kleppkaptein Bjørg Storhaug: Burde venta til etter sesongen.» *Jærbladet*, 02.09: 7.
- 1987. «Laber interesse i Trondheim.» *Jærbladet*, 16.09: 7.
- 1987. «Nederlag for Klepp-jentene.» *Jærbladet*, 24.08: 9.
- 1987. «Også BUL sparka trenaren.» *Jærbladet*, 02.09: 7.
- 1987. «Pinlig svak Bryneinnsats.» *Jærbladet*, 12.10: 11.
- 1987. «Rosenborg-Bryne.» *Jærbladet*, 18.09: 4.

Jærbladets digitale arkiv. 2022. *Jærbladet: alle papirutgåver august-oktober 1987.*

<https://eavis.jbl.no/titles/jaerbladet/11127/search/?secret=c268cc3d0e58626afa255f62c5742621>.

- Jørstad, Jonas. 1987. «Bryne kjem til kvartfinalen.» *Jærbladet*, 07.08: 6.
- 1987. «Har Bryne fått haustsprekken?» *Jærbladet*, 17.08: 11.
- 1987. «Mjøndalen-Bryne 2-2 etter ekstraomganger.» *Jærbladet*, 03.08: 10.
- 1987. «Molde best i alt.» *Jærbladet*, 10.08: 10.
- Sel, Tarjei. 2019. «Bare seier teller for Klepp.» *Jærbladet*, 18.10: 21.
- 2019. «Bryne fikk endelig noe å juble for.» *Jærbladet*, 26.08: 18-19.
- 2019. «Bryne må stoppe tapsrekken.» *Jærbladet*, 04.10: 21.
- 2019. «Bryne presset voldsomt, men gikk på nytt tap.» *Jærbladet*, 16.09: 17.
- 2019. «Bryne trenger ett poeng for å unngå teoriprat.» *Jærbladet*, 18.10: 21.
- 2019. «Debiterer han mot Vidar?» *Jærbladet*, 09.08: 23.
- 2019. «Det er ikke krise, men jeg skjønner at folk bruker ordet.» *Jærbladet*, 21.08: 14.
- 2019. «Dette er pinlig, Bryne!» *Jærbladet*, 07.10: 15.
- 2019. «Elisabeth Terland tatt ut på a-landslaget for første gang.» *Jærbladet*, 23.10: 20.
- 2019. «En typisk serieavslutning.» *Jærbladet*, 28.10: 12.

- 2019. «Fortsatt skadetrøbbel i Bryne.» *Jærbladet*, 13.09: 21.
- 2019. «Gamle storheter møtes i 2.divisjon.» *Jærbladet*, 20.09: 20.
- 2019. «Hansen tilbake på landslaget.» *Jærbladet*, 16.08: 23.
- 2019. «Håndballtreneren som skal lede Bryne tilbake dit de hører hjemme.» *Jærbladet*, 30.10: 30-31.
- 2019. «Klepp bør pynte på målforskjellen.» *Jærbladet*, 25.09: 21.
- 2019. «Klepp fortsatt uten Terland.» *Jærbladet*, 06.09: 23.
- 2019. «Klepp har fire kamper igjen: Har ikke gitt opp medalje.» *Jærbladet*, 11.10: 22.
- 2019. «Klepp har ikke råd til å avgi poeng.» *Jærbladet*, 23.08: 23.
- 2019. «Klepp ledet 2-0, men så raknet det.» *Jærbladet*, 12.08: 14.
- 2019. «Klepp trøblet kraftig i Oslo- igjen.» *Jærbladet*, 23.09: 13.
- 2019. «Klepp var ikke til å kjenne igjen.» *Jærbladet*, 09.08: 21.
- 2019. «Kontrollert storseier.» *Jærbladet*, 14.10: 16.
- 2019. «Mangler sju spillere mot opprykkskandidaten.» *Jærbladet*, 06.09: 23.
- 2019. «Matilde scoret to mål i comebacket.» *Jærbladet*, 26.08: 19.
- 2019. «Omar sikret plassen for Bryne.» *Jærbladet*, 14.10: 14.
- 2019. «Sikret plassen med ganske god margin.» *Jærbladet*, 21.10: 15.
- 2019. «-Skjønner godt at folk er skuffa.» *Jærbladet*, 16.08: 22-23.
- 2019. «Snart må hun offshore igjen.» *Jærbladet*, 19.08: 14.
- 2019. «Solide Klepp opp på bronseplass.» *Jærbladet*, 21.10: 15.
- 2019. «Superjentene som spiller for seriegull.» *Jærbladet*, 05.08: 12-13.
- 2019. «Tørster etter seier.» *Jærbladet*, 23.08: 22.
- 2019. «Terland kan være tilbake.» *Jærbladet*, 13.09: 19.
- 2019. «Terland står over mot Avaldsnes.» *Jærbladet*, 07.08: 11.
- 2019. «Trenger sårt en seier.» *Jærbladet*, 11.10: 21.
- 2019. «Tuva har veldig lyst på gull.» *Jærbladet*, 02.08: 16.
- 2019. «Usikker på fremtiden.» *Jærbladet*, 23.10: 18.
- 2019. «Vet ikke om jeg fortsetter.» *Jærbladet*, 11.10: 21.
- 2019. «-Vi har fått det de lovet oss.» *Jærbladet*, 21.08: 16.
- Slethei, Sindre. 2019. «Bryne ble latterlig-gjort av tabellnabo: En kamp vi bare må glemme.» *Jærbladet*, 30.09: 16.
- 2019. «Bryne tapte på overtid.» *Jærbladet*, 19.08: 12.
- 2019. «Bryne tapte til tross for to Mæland-mål.» *Jærbladet*, 09.09: 16-17.
- 2019. «Forbannet Halvorsen etter nok et tap.» *Jærbladet*, 23.09: 12.



- . 2019. «Kastet bort ledelsen og tapte.» *Jærbladet*, 30.09: 17.
- Stangeland, Else Karin. 1987. «1.div kvinner: Turid og Sissel avgjorde igjen.» *Jærbladet*, 21.09: 11.
- . 1987. «Klepp best på straffe.» *Jærbladet*, 03.08: 10.
- . 1987. «Klepp to poeng nærmere tetplassen.» *Jærbladet*, 17.08: 11.
- . 1987. «Klepp tuktet serielederen.» *Jærbladet*, 07.09: 14.
- . 1987. «Klepp-tap i god kamp.» *Jærbladet*, 26.08: 7.
- . 1987. «Kvartfinale NM damer: Kleppjentene er i semifinalen.» *Jærbladet*, 31.08: 9.
- . 1987. «Turid skjøt Klepp til topps!» *Jærbladet*, 28.09: 15.
- Stangeland, Kjell Olav. 1987. «Bryne til Ullevål?» 18.09: 4.
- . 1987. «Brynesuksess i Bergen.» *Jærbladet*, 07.09: 14.
- . 1987. «Etter 8 forsøk: Bryne endeleg til semifinalen!» *Jærbladet*, 21.08: 4.
- . 1987. «Full krig.» *Jærbladet*, 14.10: 7.
- . 1987. «Glimrande 2.omg. av Bryne.» *Jærbladet*, 21.09: 11.
- . 1987. «Heia Klepp!» *Jærbladet*, 02.10: 12.
- . 1987. «Kleppfinale sikra i siste sekund.» *Jærbladet*, 18.09: 4.
- . 1987. «Klepptriumfen bles bort.» *Jærbladet*, 12.10: 10.
- . 1987. «Krigen i Klepp.» *Jærbladet*, 16.10: 8.
- . 1987. «Så er det Klepps tur: Kvartfinale mot BUL søndag.» *Jærbladet*, 28.08: 6.
- . 1987. «Sjølvforskyldt tap mot Tromsø.» *Jærbladet*, 25.09: 5.
- Støbakk, Nils-Ove. 2019. «-Aldri før har Bryne FK vært mer skakkjørt enn idag.» *Jærbladet*, 28.08: 28.

## 5.2 Sekundærkjelder

- Carrigan, Tim, Connell, Bob, Lee, John. 1985. «Toward a New Sociology of Masculinity .» *Theory and Society*, 01.09: 551-604, <https://link-springer-com.ezproxy.uis.no/content/pdf/10.1007/BF00160017.pdf>.
- Dunning, Eric. 1999. *Sport matters: Sociological Studies of Sport, Violence and Civilisation*. London: Routledge.
- Fylling, Jostein. 1999. *Avisa på Jæren: Jærbladet 50 år- 1949-1999*. Bryne: Jærbladet AS.
- Goksøyr, Matti, Olstad Finn. 2002. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Hansen, Jonathan Simchai, Jullumstrø, Fredrik Solbu, Saanum, Oddvar Sagbakken, Sander, Christian Grieg, Svedal, Maria Gunnarsdotter. 2022. *Klaveness' tale vekket oppsikt –*

- nå slår hun tilbake mot Fifa-kritikk*. 01.04. Funnen 10.05.2022.  
[https://www.nrk.no/sport/klaveness\\_-tale-vekket-oppsikt\\_-\\_na-slar-hun-tilbake-mot-fifa-kritikk-1.15915769](https://www.nrk.no/sport/klaveness_-tale-vekket-oppsikt_-_na-slar-hun-tilbake-mot-fifa-kritikk-1.15915769).
- Haugstad, Tore. 2019. «*Rekordene i VM er en stor seier for kvinnefotballen*». 07.07. Funnen, 10.02.2022. [https://www.nrk.no/sport/\\_rekordene-i-vm-er-en-stor-seier-for-kvinnefotballen\\_-1.14617888](https://www.nrk.no/sport/_rekordene-i-vm-er-en-stor-seier-for-kvinnefotballen_-1.14617888).
- Lee, J. 2007. «Life after death.» *The International Journal of the History of Sport*, 01 11: 1491-1499, <https://www-tandfonline-com.ezproxy.uis.no/doi/pdf/10.1080/09523360701532621?needAccess=true>.
- Leonsen, Maria Øverlie, Skarpenes, Ove. 2021. «Den sakrale og den profane fotballen – om forskjeller i medias dekning av kvinne- og herrefotball på Sørlandet.» *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 6-20, <https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/doi/full/10.18261/issn.1891-1781-2021-01-02>.
- Lilleheil, Charlotte. 2010. - "De lovet å ikke spille på sex": Om programmet "Jenteligaen", og TV 2 sin fremstilling av "kvinnelig" fotball . Bergen: Masteroppgåve i medievitenskap, <https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/4404/72030526.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Lippe, Gerd von der. 2010. *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*. Kristiansand: IJ-forlaget.
- Liston, Katie. 2006. «Sport and Gender Relations.» *Sport in Society*, 01.10: 616-633, <https://www-tandfonline-com.ezproxy.uis.no/doi/pdf/10.1080/17430430600768868?needAccess=true>
- Norges Fotballforbund. u.d. *I. Divisjon 1987 - Tabell*. Funnen 15.04.2022.  
<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=83075>.
- . u.d. *I. Divisjon 1987 - Terminliste*. Funnen 30.04.2022.  
<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/terminliste/?fiksId=83075>.
- . u.d. *I. Divisjon Kvinner 1987 - Tabell*. Funnen 15.04.2022.  
<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=83267>.
- . 2019. *PostNord-ligaen avd. 1 2019 - Tabell*. Funnen 16.04.2022.  
<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=164050>.
- . 2019. *PostNord-ligaen avd. 1 2019 - Terminliste*. Funnen 02.05.2022.  
<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/terminliste/?fiksId=164050>.
- . 2019. *Toppserien 2019 - Tabell*. Funnen 16.04.2022.  
<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/tabell/?fiksId=164051>.

—. 2019. *Toppserien 2019 - Terminliste*. Funnen 02.05.2022.

<https://www.fotball.no/fotballdata/turnering/terminliste/?fiksId=164051>.

NRK. 2019. *7. juli 2019 kl. 17:00 – USA - Nederland*. 07.07. Funnen 23.01.2022.

<https://tv.nrk.no/serie/fotball-vm-kvinner/201907/MSPO48303519/avspiller>.

Persson, Marlene, Stefansen, Kari, Strandbu, Åse. 2020. «Fotball som kjønn

mulighetsrom.» *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 231-245, <https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/doi/full/10.18261/issn.1891-1781-2020-03-05>.

Rec. Sport Soccer Statistics Foundation (RSSSF). 2021. *Cup 1987*. 15.05. Funnen 03.05.2022.

<http://www.rsssf.no/1987/Cup.html>.

Skogvang, Bente Ovèdie. 2006. *Toppfotball- et felt i forandring*. Norges idrettshøyskole:

Doktoravhandling.

Tjora, Aksel. 2018. *Hva er fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget.